



# DEN NORSKE KYRKJA

Valle og Hylestad sokn

## Innkalling

**Råd:** Valle og Hylestad Sokneråd

**Dato og tid:** 28.01.2025, 15:45

**Lokale:** Valle kyrkjekontor

**Saksmappe:** V&H2025-12

**Til:** Torstein Bjørgum (Leiar), Gudrun Sagneskar (Nestleiar), Arne Tronsen (Medlem), Knut Olav Uppstad (Medlem), Kristian Mosvold (Medlem), Kristine Kleiveland (Medlem), Liv Gunn Viki (Medlem), Knut Hagen (Andre innkalte)

**Vara:** Frøydis Henriksen Junge (Varamedlem), Margit Homme (Varamedlem), Torleif B Harstad (Varamedlem)

## Sakslisten

### Faste Saker

- 001/25 Opning
- 002/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste
- 003/25 Leiar i soknerådet orienterer
- 004/25 Kyrkjeverja orienterer
- 005/25 Presten orienterer
- 006/25 Førespurnad
- 007/25 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag

### Møtesaker

- 008/25 Minnelund - endeleg handsaming
- 009/25 FR - Revidert framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder fylke
- 010/25 Minnelund - tilbod på namneplater
- 011/25 FR - Forslag til priser og avgifter på tenester som gravplass-styresmakt
- 012/25 SR - Hylstringen - marknad på Rysstad 23-25 mai – spørsmål om kyrkja kan delta

### Orienteringssaker

- 00001 Årsstatistikk for Den norske kyrkje Valle og Hylestad sokn 2024
- 00002 Rapport på trusopplæringa i Valle og Hylestad sokn 2024
- 00003 Årsrapport for prostidiakonen 2024
- 00004 Referat frå Diakoniutvalet i Valle
- 00005 Utbetring av spelebordet og tangentane på orgelet i Valle kyrkje.
- 00006 Fjerning av tepper i Valle kyrkje
- 00007 Minnelund - ein oversikt over kostnader

**Torstein Bjørgum**  
Leder

---

**Toralv Frøysaa Lie**  
Sekretær

---

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2025-12	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	001/25	28.01.2025

### **001/25 Opning**

#### **Saksframlegg**

.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2025-12	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	002/25	28.01.2025

### **002/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Saksframlegg**

Godkjenning av innkalling og saksliste og val av to som skal signere protokoll.

#### **Forslag til vedtak**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2025-12	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	003/25	28.01.2025

### **003/25 Leiar i soknerådet orienterar**

#### **Saksframlegg**

Kort orientering om aktuelle saker som ikkje er med på sakslista.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2025-12	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	004/25	28.01.2025

### **004/25 Kyrkjeverja orienterer**

#### **Saksframlegg**

Kort orientering om aktuelle saker som ikkje er med på sakslista.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2025-12	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	005/25	28.01.2025

### **005/25 Presten orienterer**

#### **Saksframlegg**

Kort orientering om aktuelle saker som ikkje er med på sakslista.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2025-12	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	006/25	28.01.2025

### **006/25 Førespurnad**

#### **Saksframlegg**

Her er det høve til korte innspel om det som ligg møtedeltakarane på hjarte

#### **Forslag til vedtak**

Tatt til orientering



## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	411	V&H2025-12	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	007/25	28.01.2025

### **007/25 Fellesrådet og Soknerådet har kvar sine særskilte oppdrag**

#### **Saksframlegg**

Soknerådet og Fellesrådet er sidestilte organ med kvar sine oppgåver på vegne av soknet. Fellesrådet har tydelege og avgrensa oppgåver knytta til

- Personalleiing
- Økonomi
- Kyrkjer og andre bygg
- Gravplass

Valle og Hylestad sokneråd er registrert med organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret. Difor er det brukt når ein utarbeidar vedtekter for gravplassar i kommunen. Valle og Hylestad sokneråd er difor "Gravplassstyresmakt" i Valle kommune.

Soknerådet sitt overordna oppdrag er iflg. Kyrkjeordninga §12

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.»

#### **Forslag til vedtak**

Tatt til orientering

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	820	V&H2025-11	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	008/25	28.01.2025

### 008/25 Minnelund - endeleg handsaming

#### Vedlegg liste

- 1 Godkjenning - Agder - Valle - Hylestad kirke - navnet minnelund.PDF
- 2 Minnelund.html
- 3 3004 HylestadMinnelundPresentasjon.pdf

#### Saksframlegg

Minnelunden på Hylestad kyrkjegard er godkjend av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark i brev av 18. oktober 2024.

I utgangspunktet tenkte ein å ha ein namna og ein unamna minnelund. I samtale med Statsforvaltaren kom det fram at dette ikkje var nødvendig å etablere ein unamna minnelund. Ein gjekk då vidare med ein namna minnelund der det er granittsøyler på begge sider av den runde tørrsteinsmuren ved klokkestopulen.

I FR - Sak 22/24 vart det gjort vedtak om at det skulle nyttast bronse på namneplatene. I prosessen fant ein at dette var eit fordyrande element som ein måtte legge på brukarane av minnelunden. Ein ser difor etter alternativ i syrefast stål, jamfør eiga sak i dette møtet.

Statsforvaltaren har gitt eit tydeleg råd om at ein legg tilrette for personlege sorguttrykk slik som avskorne blomar og tenning av lys. Det er viktig for oss å ha ei god løysing på dette. Planen er å lage ei innramming av kantstein med elvegrus der ein kan sette blomar, tenne lys og anna. Det var ikkje ynskjeleg å ha dette på fundamentet for granittsteinane, men heller ha det ved inngangen til den hellelagte minneplassen.

Det har vore gjort vurderingar undervegs i samtale med Statsforvaltaren som er annleis enn det som vart vedteke i Valle og Hylestad Fellestråd i Sak 22/24 den 19. mars 2024.

Før vinteren fekk ein gjort oppmåling av gravplassen på felt som er gjort tilgjengeleg i SOSI standard.

Arbeidet med gravplassvedtekter vart utsett i møte før jul, og vil bli handsama i eiga sak. Når den er vedteken vil den bli sendt til Statsforvaltaren for endeleg godkjenning.

#### Forslag til vedtak

Fellestrådet tek endringane gjort i arbeidet fram mot godkjenning av minnelunden i samtale med Statsforvaltaren til etterretning.

Administrasjonen følgjer opp arbeidet med tilrettelegging av eigna plass for personleg sorguttrykk i samarbeid med teknisk avdeling i kommunen.

Administrasjonen henter inn følgjer opp med å sende over pdf-versjon av gravkartet til statsforvalteren.



VALLE OG HYLESTAD SOKN  
Kommunehuset  
4747 VALLE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Tove Frøvoll Thoresen,

## Godkjenning namna minnelund, Hylestad kyrkjegard

Viser til revidert søknad om godkjenning av plan for namna minnelund på Hylestad kyrkjegard, Valle, samt tilhøyrande kommunikasjon med kyrkjevevjerene Gudrun Åkre og Toralv Frøysaa Lie.

### Vedtak

Statsforvaltaren godkjenner planen for den nye namna minnelunden på Hylestad kyrkjegard med det tilhøyrande minnesmerket, jamfør gravplasslova § 4 første avsnitt og gravplassforskrifta § 20 andre avsnitt, med følgjande vilkår:

- Ein må gå lagd gravkart i samsvar med SOSI-standard. Ei stadfesting må sendast Statsforvaltaren, saman med ein pdf-versjon av gravkartet før ein tek feltet i bruk til gravlegging.

### Faglege råd

Vi har desse tilrådingane:

- Fellesrådet bør legge betre til rette for personlege sorguttrykk slik at til dømes avskorne blomar kan settast i vann.

Det ligg òg råd og føresetnadar inne i teksten, slik at ein må lese heile godkjenninga i samanheng.

### Saksutgreiing

Fellesrådet vedtok den opphavlege planen 19.03.2024, vi fekk framlegget 04.04.2024. Planen er seinare revidert ut frå tilbakemeldingane frå statsforvaltaren. Det er ein føresetnad at kommunen støtter tiltaket.

Gravplassmyndigheita må sjølv undersøke om tiltaket krevje løyve etter anna lowerk, til dømes plan- og bygningslova eller kulturminnelova. Det er ikkje kyrkje på gravplassen.

Minnelundar skal ha høg kvalitet i både materialar, handverk og estetisk utforming. Dei må ha ein karakter og eit visuelt uttrykk som legg til rette for god funksjonalitet, orden og vørndnad i eit langt tidsperspektiv.

### Omtale og vurdering



Minnelunden skal etablerast i den austre enden av gravplassen i samband med klokkestopulen og den sirkelforma plassen i enden av den sentrale aksen. Området er i ei nyare utviding av gravplassen, det har ikkje vore nytta til gravlegging tidlegare. Terrenget er ganske flatt, minnelunden får grei tilkomst frå hovudporten. Med føresetnad om eit fast og godt grusdekke, ligg tilhøva til rette for at han vil vere tilgjengeleg for alle.

Minnelunden får plass på kvar side ved den runde tørrsteinsmuren omkring. På kvar side skal det etablerast ein hellelagt minneplass med skiferstein og eit vertikalt minnesmerke i stein, samt to benkar. Minneplassen får skjerming av ein låg hekk. Dei tilhøyrande to gravfelta skal etablerast ved sida av minneplassane.

Minnesmerka skal være i granitt/naturstein, dei får kvadratisk grunnplan og ein liten sokkel. Vi rår til at ein nyttar lokalt stein. Minnesmerket skal vere 2,15 meter høgt, med dei høgste namneplatene 1,85 m. Ut frå at teksten skal vere lett å lese, kan plasseringa vere litt i høgaste laget. De kan eventuelt vurdere om både stein og namneplater skal vere 10 cm lågare. (Ei slik justering av høgda, er ikkje ei endring de treng å søke om.) Løysninga for fundamenteringa kjem ikkje fram av søknaden det er ein føresetnad at sikringa skjer ut frå ei grundig fagleg vurdering, sjå òg [NMBU-rapporten om sikring av gravminner](#).

Kvart minnesmerke skal ha plass til 56 namneplater. Dei skal støypast i bronse, 16 cm x 10 cm, og kan ha plass til to namn. Skrifttypen ser ut til å vere godt å lese. Vi rår til at de borer alle hola på førehand.

Ein namna minnelund er eit alternativ til ei ordinær grav, han bør difor òg legge til rette for personlege sorguttrykk slik som avskorne blomar og tenning av lys. Om ikkje desse tilhøva er gode nok, vil lett minnelunden få eit rotete preg med visne blomar og lette blomsterpotter som har blåst over ende. Det kan òg vere vanskeleg å fjerne stearinsøl frå steinunderlag. Vi rår til at de legger inn ei betre ordning for personlege sorguttrykk. Vi har tidlegare nemnt at til dømes eit lite felt med elvegrus og tilpassa grav-vasar kan vere egna, sjå [veiledning-navnede-minnlunder-mai-2024.pdf \(statsforvalteren.no\)](#). Ei god og gjennomtenkt løysing vil lette den daglege/ukentlege oppfølginga.

I søknadsillustrasjonen er benkane vist som med eit enkelt, funksjonelt formspråk, ryggstøtte og armlene. Typen ser ut til å være godt tenlege i samanhengen. Det står nemnt i søknaden at dei skal vere fastmonterte. Til vanleg ikkje naudsynt å montere benkane fast – som oftast er det tilstrekkeleg at dei har ein tydeleg og hellelagt «eigen» plass.

Det er lagt opp til ein låg og klipt hekk mellom minneplassen og urnegravfeltet. Hekken skal ikkje vere høgare enn at dei etterlatne lett vil kunne sjå minnesmerke, stad for personlege sorguttrykk og grav som ein heilskap. De kan eventuelt vurdere om heilskapen er best tent med at det ikkje skal vere hekk mellom gravfeltet og minneplassen. Dei andre hekkane skjermer fint mot tilkomsten. (Eventuelt endring treng de ikkje søke om.)

Dei to gravfelta har 90 urnegraver på 50 cm x 50 cm kvar. Sidan namneplatene kan ha plass til to namn, ser talet ut til å svare realistisk til kvarandre. Lag ei god rutine for å holde orden på samsvaret av ledige graver og namneplassar.

### Elles

Den opphavlege søknaden omfatta òg ein plan for ein anonym minnelund. Ut frå samtale med kyrkjevevja, kom det fram at behovet primært er å gi høve til gravlegging i ein minnelund utan at den er merka med synleg namn. Gravlegging utan synleg namn og anonym gravlegging har ein



forvaltningsmessig og juridisk skilnad. Det er høve til å gravlegge utan synleg namn i ein namna minnelund - på same måte som det heller ikkje er krav om gravminne på ordinære graver. I ein anonym minnelund skal det derimot vere eit separat gravfelt og dei etterlatne får ikkje vite kvar grava er, tilsvarende som ved anonym gravlegging i ordinær grav. Etter ei ny vurdering lokalt, vart det difor konkludert med at det mest tenlege på denne gravplassen er å nytte heile området til namna minnelund. Om nokon ber om anonym gravlegging, vil de likevel kunne løyse det med ei ordinær grav, sjå [Anonym grav | Gravplassveileder.no](#).

Unngå å nytte omgrepet «sparegrav» eller «spareplass» – dei er negativt lada i denne samanhengen og kan gi forventingar om «halv pris», det er venteleg ikkje intensjonen. Løysinga kan heller omtalast som at «det er høve til å ha to namn på den same namneplata». Det vil vere særleg aktuelt i samband med at gravfestaren fester ei grav i tillegg i samband med den første gravlegginga. Tilsvarende som ein gravstad med to graver for å halde av plass til ein gjenlevande ektefelle eller annan nærstående. Plass til to namn gjer òg at fellesrådet eventuelt har høve til å tillate flytting av namn (symbolsk flytting), sjå [Navneflytting \(symbolsk flytting\) | Gravplassveileder.no](#).

#### Grunntilhøve

Sjølv om området er etablert for kistegraver, bør de likevel kvalitetssikre felta ved å grave igjennom jorda, jordsmonnet i eit urnegravfelt bør ikkje innehalde stein over 3-4 cm. Det er ein føresetnad at djupna og grunnvasstanden er innanfor dei sentrale føresegnene, dvs. at avstanden til fjell / høgaste grunnvasstand i gravfeltet skal ligge minst 0,3 m under kista eller urna. Ver òg merksam på at nedbrytinga av beinrestar/oske skjer ved kjemisk forvitring og oppløysing i surt miljø. Aktiviteten er god ved pH 5,5 og aktiviteten er liten ved pH 7, sjå [Kremasjon og gravformer for aske.pdf \(statsforvalteren.no\)](#)

#### Gravkart

Gravfeltet er markert på oversiktsplanen, men det er ikkje separat gravkart med fastmerke og individuell nummerering av gravene med rekker og kolonnar, sjå eksempel [Produktspesifikasjonen \(SOSI\) side 43](#).

Det er krav om at forvaltninga må få lagd digitale gravkart i samsvar med SOSI-standarden for gravplass ved alle utvidingar, nyanlegg og andre vesentlege endringar av gravplassar, jamfør gravplassforskrifta § 4 andre avsnitt. Den som lagar gravkartet, bør kjenne til SOSI-standard. Ver merksam på forskjellen mellom SOSI-format og SOSI-standard.

Nettstaden [sosigravplass.no](#) har meir informasjon om SOSI-standarden. Her ligg det ressursdokument for å kunna utarbeida gravkart (standard, produktspesifikasjon og teiknereglar). Dei digitale gravkart-filene bør ein kontrollere via Statens kartverks verktøy «SOSI-kontroll». Gravkart kan lagast i filformata .SOS eller .GML. (Frå 1.1.2025 vil GML bli standard leveringsformat.) Forvaltninga må sende ein pdf-versjon av gravkartet til statsforvaltaren.

Lokale gravplassmyndigheiter kan i tillegg sende inn gravplassdata som er etter standarden, til [innlevering@sosigravplass.no](mailto:innlevering@sosigravplass.no). Merk emnefeltet "Innlevering SOSI gravplass". I e-posten må det komme fram kven som er gravplassmyndigheit, namnet på gravplassen og kommunen.

#### Gravplassvedtekter

Før minnelunden kan bli tatt i bruk må føresegner om minnelund inn i gravplassvedtektene, jamfør gravplassforskrifta § 15a fjerde ledd siste setning. For at vedtektene skal bli gjeldene må gravplassmyndigheita vedta dei og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark godkjenne framlegget. Føresegnene kan mellom anna gjelde feste av tilleggsgrav, om det skal vera mogleg å festa ei grav



etter fredingstida har gått ut og kvar lys og blomstrar kan setjast. Vi er kjent med at revideringa av vedtektene er under arbeid.

### Skjøtselsplan

Vi minner om at forvaltninga har ansvar for skjøtsel av minnelundar. Det kan derfor vera nyttig å ha ein intern skjøtselsplan for å sikra at minnelunden verkar på best mogleg måte. Her kan det til dømes lagast arbeidsrutinar om kor ofte dei tilsette skal rydde bort visne blomar eller når ein skal plante nytt i det felles plantefeltet.

### **Lovgrunnlag**

Etablering av ein minnelund på ein eksisterande gravplass er ei vesentleg endring av gravplassen. Gravplasslova § 4 første avsnitt:

Anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravplass og bygninger på gravplass kan ikke skje uten etter tilslutning fra kommunen og med tillatelse fra statsforvaltere. Statsforvalteren kan sette vilkår for tillatelsen.

Utfyllande føresegner står i gravplassforskrifta § 2 første avsnitt:

Anlegg, utvidelse og vesentlig endring av gravplass skal skje i henhold til plan for gravplassen som vedtas av gravplassmyndigheten og godkjennes av statsforvalteren, jf. gravplassloven § 4 første ledd.

Og i § 20 andre avsnitt:

Andre minnesmerker enn gravminner kan bare plasseres på gravplass dersom statsforvalteren gir samtykke til det.

### **Klage (§ 24 gravplasslova)**

Fellesrådet og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket til Barne- og familiedepartementet. Ein rettar klaga til departementet, men ein sender ho til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, jamfør kap. VI i forvaltningslova. Klagefristen er tre veker frå mottakinga av dette brevet.

### **Konklusjon og avslutning**


Tilhøva ligger fint til rette for ein god og tenleg namna minnelund på Valle kyrkjegard. Vi ber om å få ei enkel melding og fotografi av minnelunden når han er ferdig.

Med helsing


Hege Alice Granøe  
fagsjef

Tove Frøvoll Thoresen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



1



# Valle og Hylestad Sokneråd

## Minnelund, Hylestad kyrkjegard

2




Plankontoret Hallvard Homme AS  
Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE,  
post@plankontoret.no  
Telefon 379 37000  
ORG.NR. 976010744MVA, Bankkonto: 2890.05.26476

Avdelingskontor:  
Kristiansand, Tangen 11,  
4.etg.

**Pr. 3004**  
**Revidert 22. august**  
**2024**  
(etter adm. gjennomg. av  
Statsforvaltar i Vestfold-Telemark  
etter avklaring i samtalar den 1.  
aug./22. aug. 2024)





# 1 Kva er ein minnelund ?

Ein minnelund er ein felles gravplass der det ikkje er mogeleg å sette opp eigen gravstein. I staden vert det tilrettelagt ein stad der ein kan minnast ein eller fleire som er gått bort. Dette gjer det mogeleg for dei som er att å ha ein stad å kome til, utan at det er noko press med å stelle grav og pynte med blomar. Fleire og fleire tykkjer i dag at dette er ei grei ordning.

Ein minnelund skal utformast slik at den er eit tilbod for alle, noko som vil seie at grava/plassen er tru- og livssynsnøytral. Meininga med det er at det skal vere ein stad for ro og ettertanke, og ein god stad for dei som er att å kome til. Ordninga er vanlegast for urne-nedsetjing. Nokre plassar er det tilbod om også å kunne velgje kiste-nedsetjing.

Når det vert tilrettelagt for kistegraver, skal desse vere minst 3 m lange og minst 1,5 m breie med mindre det er tale om anonym kistegrav for dødfødde og barn under 1 år. Då er det nok at grava er minst 1,5 m lang og 0,75 m brei. Urnegrav på minnelund skal vere minst 0,5 m lang og 0,5 m brei med plass for éi askeurne.


## Namna minnelund

Ein namna minnelund har et gravminne med namneplater for alle som ligg gravlagt på same stad, der det er mogeleg å setje opp dato for fødsel og dødsfall. Minnelunden fungerer slik at gravplassforvaltninga sørgjer for felles planting, i tillegg til at det vert lagt til rette for at dei etterletne kan setje frå seg egne blomar og ljós. Graver som er plassert her kan også festast etter at fredingstida har gått ut.

## Unamna minnelund

For anonyme minnelundar er det ikkje høve til å setje opp namn og dato for fødsel og dødsfall, og det er heller ikkje mogeleg å feste gravstaden etter fredingstida. Her vil gravplassen vere kjent berre for gravplassforvaltaren. Dei etterletne vil ikkje kunne vere med under jordfesting eller urne-nedsetjinga. Dei vil få melding når urna, eller kista, er plassert.

Dersom det er både anonym og nama minnelund på ein gravplass, skal desse vere skilde i ulike gravfelt. Gravplassen på anonym minnelund er kjent berre for gravplassforvaltaren. Grav på anonym minnelund har ingen ansvarleg. Gravplassstyresmaktene kan plassere minnesmerket på anonym minnelund, men det er ingen plikt til det. Minnesmerket skal godkjennast av bispedømmerådet, alternativt Statsforvaltaren, ved kommunal forvaltning.




## 2 Lokalisering av minnelund innanfor kyrkjegarden i Hylestad





4

Plankontoret Hallvard Homme AS  
Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE,  
post@plankontoret.no  
Telefon 379 37000  
ORG.NR. 976010744MVA, Bankkonto: 2890.05.26476

Avdelingskontor:  
Kristiansand, Tangen 11,  
4.etg.








# 3 Utforming

7



Plankontoret Hallvard Homme AS  
Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE,  
post@plankontoret.no  
Telefon 379 37000  
ORG.NR. 976010744MVA, Bankkonto: 2890.05.26476

Avdelingskontor:  
Kristiansand, Tangen 11,  
4.etg.





Granitt for å ta opp  
terrengfall inn mot  
rondell



TEIKNYFORKLARING

	BIS. KOTER
	ASFALT
	BEDEKKNINGSTEN
	STØTTEKLE
	GRASOMÅNE
	PLANTEDILT
	STI
	GRUPPLASSEAR
	LEIINGSDIVAN
	STØPPE
	TRER OG BUSKAR
	MINNEREN HOKULTUR NØRREPLATE
	BEIEN FAKTUMSTENT
	SKJEDRÅL






100x160 mm

Hylle til blomar

14 «doble» namneplater på kvar side gjev 14x4 sider = 56 minneplater totalt. Dersom alle brukar avsett «spareplass» gjev minnesteinen plass til 112 dødsfall.




Valle kyrkjekontor/  
Plankontoret Hallvard Homme AS  
den 20. august 2024.  
Torolv Føysaa Lie / Hallvard Homme

Plankontoret Hallvard Homme AS  
Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE,  
post@plankontoret.no  
Telefon 379 37000  
ORG.NR. 976010744MVA, Bankkonto: 2890.05.26476

Avdelingskontor:  
Kristiansand, Tangen 11,  
4.etg.

Plankontoret Hallvard Homme AS  
Sparebankbygget, Pb 95, 4747 VALLE,  
post@plankontoret.no  
Telefon 379 37000  
ORG.NR. 976010744MVA, Bankkonto: 2890.05.26476


Avdelingskontor:  
Kristiansand, Tangen 11,  
4.etg.



# 4 Motiv frå eksisterande element på Hylestad kyrkjegard



Støpul




Vasspost



Lysstolpe





## 4 Skrifttyper og namneplate

16 cm

**Century schoolbook**

01.02.1900 – 02.03.1999

**Century schoolbook**

01.02.1900 – 02.03.1999

10 cm


**Century schoolbook**

01.02.1900 – 02.03.1999

«Spareplass»

**Enkelgray**





## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	823	V&H2024-41	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	009/25	28.01.2025

### **009/25 FR - Revidert framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder fylke**

#### **Vedlegg liste**

1 2025-01-21 REVIDERT Framlegg til Gravplassvedtekter Valle kommune.pdf

#### **Saksframlegg**

I FR - Sak 77/24 vart det vedteke å utsette godkjenning av Framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter til neste møte.

Arbeidsutvalet har fortsett arbeidet med gravplassvedtektene og igjen hatt samtale med rådgjevar hos statsforvaltaren for å få hjelp til å forstå ord og uttrykk som blir brukt i dokumentet. Me har brukt malen til Statsforvalteren som utgangspunkt for å desse vedtektene og tilpassa dei våre lokale forhold.

Statsforvaltaren rådde oss til ikkje å bruke uttrykket sparegrav. Dette er eit godt innarbeidd uttrykk i Valle, og ein har valgt å bruke i den tyding det har hatt i samband med vanlege kistegraver. På urnegraver og minnelund er det ikkje aktuelt å bruke dette uttrykket.

#### **Forslag til vedtak**

Fellesrådet vedtek Framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter slik det føreligg.

Administrasjonen sender det over til Statsforvaltaren for endeleg godkjenning.



# Framlegg til Forskrift om gravplassvedtekter, Valle kommune, Agder fylke

## § 1. Definisjonar

Gravplass-styresmakt: Valle og Hylestad sokneråd.

Fri grav: Grav som gravplass-styresmakta har tilvist ein avliden person frå kommunen som dette ikkje skal betalast festeavgift for i fredingstida.

Sparegrav: Grav som er reservert / festa for framtidig bruk, oftast på sida av ei eksisterande grav

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. [gravplasslova § 14](#).

Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.

Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. [gravplassforskrifta § 14](#).

Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

Kistegrav: Grav som følger gravplassforskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan ein òg gravleggje oskeurner.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til ein kan nytte grava igjen til ny gravlegging.

Festetid: Tida som det er avtalt å feste ei grav.

Gravansvarleg: Den som er ansvarleg for ei fri / tilvist grav.

Festar: Den som står som part i ei festeavtale.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.

## § 2. Ferdsl på gravplassane

På gravplass er det forbode å sykle, ake eller å drive sport, leik eller anna som ikkje sømer seg der, jf. Forskrift om politivedtekt § 18 i Valle kommune. Hundar skal haldast i band, jf. gravplassforskrifta § 9. Bruk av køyretøy på kyrkjegarden er tillete berre i det omfang gravplass-styresmakta finn det turvande . All køyring skal skje særleg omsynsfullt.



### **§ 3. Gravplasstilhøyrse**

Avlidne personar i kommunen kan gravleggjast på kyrkjegarden i Valle eller Hylestad.

Dei har rett til fri grav dersom gravplass-styresmakta har tilvist grava. Retten til utvida frigravsperiode er nærare skildra i gravplassforskrifta § 16 første avsnitt og gravplassforskrifta § 18 andre avsnitt.

Avlidne personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir rekna med på same måte som kommunen sine eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav dersom gravplass-styresmakta har tilvist grava.

Avlidne personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at ein betaler kostnadane ved gravferda og avgift for feste av grav.

### **§ 4. Fredingstid**

Fredingstida er minst 20 år.

Ny gravlegging kan ikkje koma i strid med gravplassforskrifta § 12.

### **§ 5. Spesielle føresegner**

Det skal ikkje tildelast nye graver på kyrkjegarden ved Hylestad kyrkje, heller ikkje urnegraver.

Felt X på Valle og Hylestad kyrkjegard er utanom regulert felt og kan ikkje nyttast.

Felt G og H på Valle kyrkjegard har eit visuelt særpreg. Nye steinar må tilpassast feltet i avtale med gravplass-styresmakta. Jfr. Gravplassforskriften § 27.

### **§ 6. Feste av grav med meir**

Når ei kistegrav skal takast i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av ho (sparegrav), og etter søknad til gravplass-styresmakta; for ei ekstra grav i tillegg om ein ynskjer det. Desse gravene utgjer då éin gravstad.

Ved bruk av ei ordinær urnegrav, kan ein ikkje feste ei grav ved sida av.

Ved feste av ei grav ved sida av den kistegrava som ein først nyttar, er festetida 20 år.

Når festetida/fredingstida er ute, kan ein feste grava/gravstaden vidare for 10 år av gongen. I god tid før festetida er ute, skal forvaltninga varsle festaren.

Har ein ikkje fornya festet innan seks månader etter forfall, går grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.



Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ein kan ikkje nytte ei grav utan samtykke frå gravansvarleg eller festar. Om det ikkje er råd å hente inn samtykke frå gravansvarleg eller festar, kan gravplass-styresmakta avgjere gravlegginga.

Festar pliktar å melde adresseendring.

### **§ 7. Grav og gravminne**

Ved opning av ei grav kan ein leggje jorda på dei omkringliggjande gravene og ein kan mellombels flytte gravutstyret. Gravplass-styresmakta sørgjer for istandsetjing igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først gjerast etter at gravplass-styresmakta, eller nokon som har avtale om å opptre på vegne av dei, har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Så lenge ein ventar på gravminne, kan det setjast opp eit mellombels merke med namnet til den avlidne.

På ein nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava ein først nyttar. Gravminnet blir ståande der i frigravperioden og eventuelt så lenge grava er festa.

### **§ 8. Plantefelt**

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå framsida av gravminnet. Det kan ikkje plantast vekstar som går over høgda til gravminnet eller går ut over plantefeltet.

I plantefeltet er det høve til å setta ned dekorgjenstandar og sorguttrykk, så lenge dei ikkje er til sjenanse, gjer drifta av gravplassen vanskeleg (opning av grav, grasklipping, o.l.), eller er brannfarleg i samband med tenning av lys, jamfør neste avsnitt.

Det er høve til å tenne lys (stearinlys, oljelampe ol.) når dette er innanfor dei gjeldande føresegnene om brannvern. Lykter og lys må vere tilstrekkeleg festa, til dømes med jordspyd, eller ha ei eigenvekt som gjer at dei ikkje kjem på avveggar.

Ein skal fjerne lys og andre lause dekorgjenstandar etter bruk.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt steinkant eller ei bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.



Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller andre materiale.

### **§ 9. Plantemateriale**

Planter, kransar og liknande materiale som ein har nytta ved gravferd eller ved pynting av grava og som endar som avfall, skal vere heilt kompostérbare.

### **§ 10. Stell av grav**

Kvar gravansvarleg eller festar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt, skal den gravansvarlege eller festaren så til med gras, eller blir tilsådd av gravplass-styresmakta.

Den gravansvarlege eller festaren pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Gravansvarlege eller festaren kan avtale med Valle og Hylestad sokneråd, eller den som får løyve til det etter § 13, om planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ei slik avtale frittek ikkje den gravansvarlege eller festaren frå det ansvaret vedkomande har etter dei til ein kvar tid gjeldande føresegnene.

### **§ 11. Namna minnelund**

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til den avlidne førast på ei namneplate på eit felles minnesmerke, fastsett av gravplass-styresmakta.

Namneplata, som har ein felles standard, tingast gjennom gravplass-styresmakta. Den inneheld namn på avlidne, fødselsår og dato samt dødsår og dato. Det er ikkje høve til å nytte symbol på namneplata.

I namna minnelund kan ein reservere plass på namneplata mot ei avgift. Namna vil stå over kvarandre etter ein felles standard.

Det må betalast ei avgift som skal dekke felleskostnadene for minnelund, stell av minnelund og minneplate

Gravplass-styresmakta har ansvaret for plantene og stellet i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eigne plantefelt for gravene i minnelunden. Ein kan leggje ned blomar og tenna gravlys så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på ein stad tilvist av gravplass-styresmakta.

### **§ 12. Bårerom**

Gravplass-styresmakta stiller bårerom til disposisjon for den som står for gravferda. Båreromet skal berre nyttast til oppbevaring av den døde. Ingen har tilgang utan løyve.



Syning kan berre finna stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.

### **§ 13. Næringsverksemd**

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen, skal hente inn løyve frå gravplass-styresmakta. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne, samt planting og stell av graver.

### **§ 14. Arbeid på gravplassane**

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal gjerast på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplassen eller i ein bygning på gravplassen. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er naudsynt for å gjere arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.

### **§ 15. Dispensasjon frå vedtektene**

Gravplass-styresmakta kan i særlege tilhøve og innanfor ramma av gravplassloven og gjeldande forskrifter fråvike gravplassvedtektene.

### **§ 16. Ikraftsetjing og oppheving av eldre vedtekter**

Forskrifta tek til å gjelde 30 dagar frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå den same tida blir «Vedtekter for kyrkjegardane i Valle kommune», vedteken i Fellesrådet for sokneråda i Valle sak 4-92 og godkjend av Agder Stiftsdirksjon med brev datert 22.12.1992 oppheva.



## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	822	V&H2025-9	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	010/25	28.01.2025

### **010/25 Minnelund - tilbud på namneplater**

#### **Saksframlegg**

Skiltspesialisten har gjeve eit tilbod på namneplater til minnelunden. AU har sett på dette og meiner produktet held den kvalitet og er eit godt val. Det kan likevel vere grunn til å sjekke pris hos andre leverandørar.

#### **Forslag til vedtak**

Administrasjonen hentar inn alternativ til dette tilbodet.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	800	V&H2025-10	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	011/25	28.01.2025

### **011/25 FR - Forslag til priser og avgifter på tenester som gravplass-styresmakt**

#### **Saksframlegg**

Valle og Hylestad kyrkjelege fellestråd er gravplass-styresmakt i Valle kommune. Etter opparbeiding av ny minnelund på Hylestad gravplass ser ein det naturleg å gå gjennom prissetting av tenester i samband med gravferd og drift av gravplassane.

I Gravplasslova §21 heiter det:

"Avgifter for bruk av gravkapell, anonym minnelund, navnet minnelund, urnevegg, kremasjon og feste av grav fastsettes av kommunen etter forslag fra gravplassmyndigheten."

Valle kommunestyre har mynde til å vedta satsane som skal gjelde.

Forslag

#### **Priser / Avgifter 2025**

Festeavgift 10 år kr 1200

Urnehandtering kr 1000

#### **Utanbygds / ikkje medlemmer**

- Gravferd alt inkludert kr 8000
- Leige av kyrkje inkludert kyrkjetenar kr 3000

#### **Utanbygds**

- Kistenedsetjing kr 4000
- Urnenedsetjing kr 1800

#### **Minnelund**

Urne / kiste på namna minnelund med namneplate Kr 6000

Urne / kiste på namna minnelund med namneplate, utanbygds kr 8000

Namneplate forlenging 10 år kr 2000

Avgift på Minnelund skal dekke opparbeiding, vedlikehald og namneplate

#### **Forslag til vedtak**

Valle og Hylestad Kyrkjelege Fellestråd som gravplass-styresmakt legg dette forslaget "Priser / avgifter 2025" fram for Valle kommunestyre for endeleg vedtak.

## SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Toralv Frøysaa Lie	600	V&H2025-2	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Valle og Hylestad Sokneråd	012/25	28.01.2025

### 012/25 SR - Hylstringen - marknad på Rysstad 23-25 mai – spørsmål om kyrkja kan delta

#### Saksframlegg

Helga 23. - 25. mai er det planlagt ein marknad på Hylestad - Hylstringen.

Det er eit større arrangement med både leikarring, konsertar, snøscooter med køyring på vatn. m.m. Ho fortel at det er lagt stor vekt på dugnadsånda og ønskjer å få med seg dei unge på dette. Sølvarden står som arrangør.

Marianne Solbakk Lye har lagt saka fram i diakoniutvalet og spurt om kyrkja kan vere med på dette. Tanken er å bruke området like ved Sølvarden ved Hylestad kyrkjegard. Ho viser til liknande arrangement i Sirdal.

Diakoniutvalet har sagt ja til å vere med på dette og vil ha som oppgåve nokre timar på laurdagen å ha eit opplegg for familiar:

- Servere vaflar og drikke
- Ha eit opplegg med diverse leikar som legobygging, rebusløp og anna
- Dei ynskjer og å ha open kyrkje i Hylestad heile helga - fredag til søndag.

Soknerådet må ta stilling til om dei ynskjer å stille seg bak dette, og avgjere kor det skal vere den beste plasseringa. Ein ynskjer å ha det nær Sølvarden, og tanken er å ha det ved Hylestad kyrkjard. Dei ynskjer om mogeleg å ha deler av tilbodet inne på gravplassen, inn serviceporten til venstre på grasnet der.

Administrasjonen har spurt Statsforvaltaren om råd i denne saka.

Dei svarer at det skal vere Ro og orden på gravplassen. Det skal ikkje vere støytande for folk. Soknerådet må bruke skjøn i denne saka og vurdere om ein bør informere om det i forkant.

#### Forslag til vedtak

Soknerådet stiller seg bak diakoniutvalet og ser positivt på at kyrkja har eit tilbod på denne marknaden.

Open kyrkje er eit fint tilbod i denne samanhengen.

Servering av vaflar og drikke høver godt på parkeringsplassen utanfor. Er det aktuelt med eit opplegg inne på gravplassen må ein sikre at det skjer med ro og verdighet. Enkle aktivitetar med eksempelvis tepper der ein kan bygge med lego inne på gravplassen er innafor. Aktivitet som legg opp til mellom anna leik, springing og ballspel skal ikkje føregå inne på gravplassen.

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	28.01.2025	00001

**00001 Årsstatistikk for Den norske kyrkje Valle og Hylestad sokn 2024**

**Vedlegg liste**

1 Årsstatistikk for Den norske kyrkje (RA-0842).pdf

**Informasjon**

Årsstatistikken er levert pr 20. januar. Den er eit viktig dokument når rådet skal evaluere eige arbeid i kyrkjelyden, og utvikle arbeidet vidare.

**Endringar frå tidlegare år**

	2024	2023	2022
Konfirmerte	13	8	16
Vigde	4	2	0
Gravferd	15	9	16
Gudstenester tot.	30	31	35
Antal deltakarar	1865	1128	2141
Nattverdsgrt.	22	19	16
Deltakere	541	374	286
Skule / bh gtj	1	2 (90 – tårnagent?)	
Skule / bh	128	98	114
Jolaftan	220	151	141
Deltakarar			
Andakt institusjon	10	9	10
Takkoffer	110819	100063	108922
Giverteneste	0	0	0
Annan (basar)	19937	0	0
Til eiga verksemd	42703	19590	?

Dato sendt: 20.01.2025 12.09.12  
Avsendar: 976992482-VALLE OG HYLESTAD SOKN  
Mottakar: Statistisk sentralbyrå  
Referansenummer: 1a42154362e0

## De skal gi opplysningar om:

**Namn:** VALLE OG HYLESTAD SOKN  
**Organisasjonsnummer:** 976992482  
**Plassering:** Kommunehuset, 4747 VALLE

## De skal rapportere for perioden 2024

### Kyrkjelege handlingar

#### Kyrkjelege handlingar

For føring av dei kyrkjelege handlingane vil medlemsregisteret vere eit utgangspunkt for grunnlagstal.

Kor mange blei konfirmerte i soknet?

**13 stykk**

---

Kor mange kyrkjelege vigslar blei utførte i soknet?

**4 stykk**

---

Kor mange deltakarar var det ved kyrkjelege vigslar utførte i soknet?

**301 stykk**

---

Kor mange forbønshandlingar for borgerlege giftemål blei utførte i soknet?

**0 stykk**

---

Kor mange kyrkjelege gravferder (jordpåkastingar) blei forretta for befolkninga i soknet?

**15 stykk**

---

Kor mange av gravferdene blei forretta i soknets kyrkje(r)?

**15 stykk**

---

Kor mange deltakarar var det ved gravferder forretta i soknet?

**1784 stykk**

---

### Gudstenester, etter dag

#### Informasjon om gudstenester

Her skal du fordela gudstenester etter om dei vart haldne på søn- eller heilagdag, eller utanom søn- eller heilagdag. Før talet på gjennomførte gudstenester, også gudstenester på institusjon. Andakter skal ikkje teljast med. Viss fleire sokn held felles gudsteneste, er hovudregelen at gudstenesta og deltakarane blir førte i det soknet der gudstenesta fann stad, men avhengig av kven som hadde ansvaret for gjennomføringa av gudstenesta.

Følgende er å rekna som gudsteneste utanom høgmesse/hovudgudsteneste:

- Morgonsong
- Aftonsong
- Kveldsbøn
- Barnehagegudsteneste
- Samtalegudsteneste
- Skulegudsteneste
- Vandregudsteneste
- Temagudstjeneste
- Musikk gudsteneste
- Gudsteneste på leir som tilhøyrrer sokna
- Tidebønsgudstenester med liturgisk innhald
- Dåpsgudstenester

### Fordel gudstenester på om den vart halden på ein søn- eller helgedag, eller utanom ein søn- eller helgedag.

#### Søndager

Hvor mange gudstjenester hadde dere? : **27 stykk**

Hvor mange deltakelser hadde dere? : **1583 stykk**

#### Ikke søndager

Hvor mange gudstjenester hadde dere? : **3 stykk**

Hvor mange deltakelser hadde dere? : **282 stykk**

### Gudstenester, etter stad



#### Gudstenester, etter stad

Her skal du fordela gudstenestene på nytt etter noko som stad gudstenestene vart avhalden.

Tal på gudstenester avholdt i soknets kyrkje(r)

**27 stykk**

Tal på gudstenester avholdt på institusjon i kyrkjelyden

**2 stykk**

Tal på gudstenester avholdt på annet sted, verken i kyrkje(r) eller på institusjon i kyrkjelyden

**1 stykk**

Totalt tal på gudstenester

**30 stykk**



#### Gudstenester, etter type

Her skal du fordela gudstenestene på nytt etter kva typar gudstenester som vart haldne. Skriv 0 viss det er ein type gudsteneste sokna ikkje har.

## Gudstenester med nattverd

Tal på gudstenester med nattverd

**22 stykk**

---

Tal på personar til nattverd

**541 stykk**

---

## Gudstenester med skriftemål

Tal på gudstenester med skriftemål

**0 stykk**

---

## Gudstenester særlig tilrettelagd for barn og ungdom

Tal på gudstenester særlig tilrettelagd for barn og ungdom

**1 stykk**

---

Tal på deltakingar på gudstenester særlig tilrettelagd for barn og ungdom

**21 stykk**

---

## Gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn

Tal på gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn

**0 stykk**

---

## Gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn

Tal på gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn

**1 stykk**

---

Tal på deltakingar på gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn

**128 stykk**

---

## Gudstenester med dåp

Tal på gudstenester med dåp

**4 stykk**

---

Tal på deltakingar på gudstenester med dåp

**160 stykk**

---

## Konfirmasjonsgudstenester

Tal på konfirmasjonsgudstenester

**2 stykk**

---

Tal på deltakingar på konfirmasjonsgudstenester

**389 stykk**

---

## Julaftansgudstenester

Tal på julaftansgudstenester

**1 stykk**

---

Tal på deltakingar på julaftansgudstenester

**220 stykk**

---

## Gudstenester i påska

Tal på gudstenester i påska

**3 stykk**

---

Tal på deltakingar på gudstenester i påska

**159 stykk**

---

## Gudstenester på Kristi himmelfartsdag

Tal på gudstenester på Kristi himmelfartsdag

**0 stykk**

---



## Gudstenester i pinsa

Tal på gudstenester i pinsa

**1 stykk**

---

Tal på deltakingar på gudstenester i pinsa

**37 stykk**

---

## Gudstenester med samisk innslag

Tal på gudstenester med samisk innslag

**0 stykk**

---

## Allehelgensgudstenester

Tal på allehelgensgudstenester

**1 stykk**

---

Tal på deltakingar på allehelgensgudstenester

**34 stykk**

---

## Økumeniske gudstenester

Tal på økumeniske gudstenester

**0 stykk**

---

## Temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon

Tal på temagudstenestergudstenester

**0 stykk**

---

## Felles gudstenester

Blei det arrangert felles gudsteneste(r) med andre sokn?

**Ja**

---

Tal på fellesgudstenester

**4 stykk**

---

Tal på sokn

**2 stykk**

---

## Besøk av barnehagar

Vart kyrkja besøkt av barnehage(r) utanom gudstenester?

**Nei**

---

## Besøk av skuleklassar

Vart kyrkja besøkt av skuleklasse(r) utanom gudstenester?

**Nei**

---

## Besøk i barnehagar

Vart barnehage(r) besøkt av prest, kateket, trusopplærer eller annan kyrkjelydsarbeidar?

**Nei**

---

## Besøk i skuleklassar

Vart skuleklasse(r) besøkt av prest, kateket, trusopplærer eller annan kyrkjelydsarbeidar?

**Nei**

---

## Kyrkjelydsdriven barnehage

### Kyrkjelydsdriven barnehage

Dette gjeld barnehagar som Den norske kyrkja/kyrkjelyden eller soknerådet driv, eller der kyrkjelyden er inne som eigar, sitt i stiftinga og liknande, og som kyrkjelyden reknar som "sin barnehage".

Dersom kyrkjelyden driv open barnehage, fører ein talet på barn som barnehagen er godkjend for. Med open barnehage meiner ein: "Opne barnehagar har inga fast gruppe av barn, men tek imot barn saman med foreldra eller andre vaksne til leik og sosialt samvær."

Dreiv kyrkjelyden barnehage?

**Nei**

---

## Diakoni

Har kyrkjelyden vedteke lokal diakoniplan?

**Ja**

---

### Informasjon om resten av utfyllinga

I resten av skjemaet skal det blir opplysningar førte om verksemda som soknerådet, dei tilsette og/eller prestane har ansvar for, og som inngår i planane og rapportane frå soknerådet. Dersom fleire sokn samarbeider om eit tiltak/tilbod, skal det førast i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal

først i soknet der aktiviteten fann stad.

### **i** Tilbod til barn 0–12 år

Her føres opplærings- og diakonale tilbud til ungdom i alderen 0–12 år. En person registreres kun en gang per tilbud. Siden oppmøtet kan variere fra gang til gang kan det gis et anslag på hvor mange barn (unike personar) som benytter seg av tilbudet i løpet av året.

Om soknet tilbyr et tilbud, vil dere få spørsmål om det var samarbeid med andre sokn. På det siste feltet i denne siden får dere muligheten til å føre hvilke sokn som samarbeidet om et tilbud.

## Babysong og småbarnsong

Arrangerte kyrkjelyden babysong eller småbarnsong for barn 0–5 år?

**Nei**

---

## Søndagsskule

Dreiv kyrkjelyden søndagsskule?

**Nei**

---

### **i** Tilbod til unge 13–17 år

Her fører ein opplærings- og diakonale tilbud til ungdom i alderen 13–17 år. Konfirmantar kan telles med dersom det ikkje er en del av den ordinære konfirmantundervisninga. Ein person registrerast berre ein gang. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

Om soknet tilbyr eit tilbud, vil de få spørsmål om det var samarbeid med andre sokn. På det siste feltet i denne sida får de høvet til å føra kva sokn som samarbeidd om eit tilbud.

## Leiarkurs

Arrangerte kyrkjelyden leiarkurs o.l. for unge 13–17 år?

**Nei**

---

### **i** Tilbod til unge vaksne 18–30 år

Opplæringstilbod og diakonale tilbud til unge i alderen 18–30 år. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

Om soknet tilbyr eit tilbud, vil de få spørsmål om det var samarbeid med andre sokn. På det siste feltet i denne sida får de høvet til å føra kva sokn som samarbeidd om eit tilbud.

## Kontinuerlege tilbod

Hadde kyrkjelyden kontinuerlege tilbod for unge vaksne 18–30 år?

**Nei**

---

## Enkeltarrangement

Gjennomførte kyrkjelyden enkeltarrangement, leirar o.l. for unge vaksne 18–30 år?

**Nei**

---

## Leiarkurs

Arrangerte kyrkjelyden leiarkurs o.l. for unge vaksne 18–30 år?

**Nei**

---

### **Tilbod til vaksne**

Talet på grupper/tilbod.

Talet på personar som nytta tilboda? Gi omtrentleg tal på personar som nytta tilbodet i løpet av året. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

## Bibelgruppe, bibelring, samtalegruppe, husfelleskap

Hadde kyrkjelyden tilbod om bibelgrupper, bibelringar, samtalegrupper eller husfelleskap?

**Ja**

---

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

**Ja**

---

Tal på grupper

**2 stykk**

---

## Bibelkurs

Organiserte kyrkjelyden bibelkurs?

**Ja**

---

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

**Ja**

---

Tal på tilbud

**1 stykk**

---

Tal på personar som benyttet seg av tilbodet

**30 stykk**

---

## Andre organiserte opplæringstilbud

Hadde kyrkjelyden andre organiserte tilbud med opplæring som formål?

**Nei**

---

## Sorggruppe

Hadde kyrkjelyden tilbud om sorggrupper?

**Nei**

---

## Eldretreff, eldrekveld

Hadde kyrkjelyden tilbud om eldretreff/-kveldar?

**Nei**

---

## Andakt på institusjon og aldersheim

